Eg tenkjer på



# Juleevangeliet

Om då Jesus vart fødd.

bravo®

Nynorsk

# Juleevangeliet

Boka passer for alle barn frå 1,5 år. Tekstsidene har stor og tydeleg skrift, fordi vi i denne boka set skriftspråket i sentrum. Dette gjer at boka er svært eigna til samlesing, som tyder at barnet får sjå og lese i boka saman med deg.
Boka høyrer til fagområdet etikk, religion og filosofi i Rammeplanen for barnehagar. **Les og leik med boka slik:**

## INNHALD

**5 nøkkelord**

(manntal, Betlehem, vismenn, gåver, gjetarane)

**5 setningar**

**Illustrasjonar**

**3 spørsmål til teksten**

**Valbrett med svaralternativ**

### Døme 1

**Inviter barnet med på ei koseleg lesestund i sofakroken og les heile boka saman.**

Les høgt for barnet samstundes som de blar i boka. Spørsmåla får barnet hjelp til å svare på i etterkant. Du har alltid fasiten tilgjengeleg og vegleiar barnet så mykje som det treng for at det alltid skal lukkast. Målet er å jakte på mestrings-opplevingar saman, slik at barnet får ei god oppleving av lesestunda.

### Døme 2

**Bruk boka i ei Bravo-runde. Då vil boka vere ein av stasjonane. Slik gjer du det:**

1. Presenter tittelen til boka og dei fem første nøkkelorda. Sei til dømes: “No skal vi lese nøkkelorda om juleevangeliet!”. Vis og les dei fem nøkkelorda i hurtig tempo. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon. Repeter dette i tre dagar til boka går ut av Bravo-runda.

2. Neste gong boka skal inn på ein stasjon seier du: “No skal vi lese litt om jula”. Så viser og les du nøkkelorda, faktasetningane og bileta. Vel deretter ein fysisk aktivitet til neste stasjon og gjer også dette i tre dagar til boka går ut av runda.

3. Til slutt i boka finn de spørsmål til teksten og eit valbrett til å svare på. Bruk gjerne spørsmåla og valbrettet på puslestasjonen når de er ferdig med både nøkkelorda og setningane. Då får barna kjent stoff å jobbe med på puslestasjonen og det vert lett å svare på spørsmåla saman.

manntal

# Betlehem

vismenn

# gåver

gjetarane

**Maria og Josef drog til Betlehem for å skrive seg i manntalet.**

**Dei fann ikkje husrom og måtte overnatte i ein stall.**



**Jesus vart fødd den natta, og Maria la han i ei krybbe.**



**Englane song for gjetarane, og då skunda dei seg til stallen for å sjå.**



**Vismennene hadde med seg gåver til Jesus.**



1. Kva heiter mora til Jesus?
2. Kvar budde dei?
3. Kva hadde vismennene med?

stallen

Maria

gåver

veit ikkje